

**Nye leidningar frå Halsabrotet**

09.10.2013

**Kommunen har no fått igangsettingsløyve for utskifting av eksisterande VA-anlegg gjennom Halsabrotet. Det gjeld strekninga frå Øvre Halsane til Beinavikjo og omfattar oppgradering til 200 millimeters avlaupsleidning og 600 millimeters overvassleidning.**

Det må inntentast graveløyve frå Statens vegvesen om kryssing av fylkesvegen og også graveløyve få Telenor og Kvinnherad Energi.

Når desse punkta er innfridd, kan arbeidet setjast igang. Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre protestar. Prosjektet vil utløysa nye bustadar i fleire felt.